



Rektor Kaldestad satsar vidare på leseprosjektet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Med støtte frå rådmannen har rektor Marie Elisabeth Kaldestad søkt Universitetet i Agder om midlar til vidare utvikling av leseprosjektet i neste skuleår. Søknadssummen er på 72.000 kroner og eigenfinansieringa 22.000.

Om søknaden blir innfridd, er skulen forplikta til å sørge for kontinuitet i deltakinga til skulen, lærarane og skulebibliotekarane og at skulen gjennomfører heile programmet for etterutdanninga.

Rektor er sjølv prosjektleiar og skulen har ikkje bibliotekar, men 1 lærar er tildelt 1 time i veka for å oppretthalda fokus på mål og innhald for prosjektet.

Skulen har satsa på lesing i fag dette året. Den fekk 15.000 kroner frå nynorsksenteret, har tilrettelagt biblioteket, kjøpt inn bøker for 15.000 kroner og hatt 3 forfatterbesøk.

Dei ynskjer no å føra vidare det gode arbeidet dei opplever det har vore å satsa på lesing og knytta dette opp til ulike fag og prosjekt, understrekar rektor Kaldestad.

Alle elevane les 20 minuttar kvar skuledag. Utfordringa for lærarane har vore å halda fokuset på lesing gjennom heile året og synleggjera satsinga på elevane sine planar.

Eit hovudmål er å bli kjend med og lesa nynorsklitteratur og la bøker bli ein naturleg del av elevane sin skulevardag.

Prosjektet skal gjennomførast på heile skulen. 1-4 trinn skal disponera biblioteket første økt av skuledagen og 5-7 trinn siste delen. Det skal leggjast

inn ein time med ressurs for å oppretthalda prosjektet og knyta det opp mot kompetansemål i fag og prosjekt.

2 lærarar har avslutta vidareutdanning som leserettleiarar dette skuleåret og dei skal ha avsett timar knytt til trinn for tilrettelegging.

Av Ola Matti Mathisen